

## GLADSONGEN

Eg vakna ein morgen  
Og følte meg vel  
Det må då ha vore ein annan?  
Eg veit ikkje eg  
Men eg tenkte, la gå  
Eg får vel prøve det lell  
Å vere fornøgd og føle meg glad  
(for det skal visst vere forferdeleg bra?)

Så eg gikk ut i dagen  
Og sola var fin  
Det er vel det dei kallar solskin?  
Ho varma så godt  
Og eg smilte til alle  
Og dei lo tilbake til meg  
Eg tenkte; eg drøymer, det skjer ikkje meg!  
Eg hørde ei stemme: Ta no ikkje på veg!

Ja, eg var blitt ein  
lykkeleg person  
Det skjedde litt brått, det må seiast  
Eg veit ikkje heilt  
Om eg taklar dette  
Eg må vel berre bite tennene saman  
Og smile og nikke og høyre på at  
Alle spør – korleis har du blitt så glad?

Eg er så glad  
Eg er så glad  
Hahahaha, hahahaha  
Det er ikkje lett å vere glad

Eg gruer meg til i morgen  
Når eg vaknar opp  
Er eg framleis fanga i ein lykkeleg kropp?  
Og trur eg framleis  
At alt går bra  
Om vi tek det med godt humør?  
Metamorfosen har gitt meg ein skrekks:  
Tenk om kroppen blir glad berre eg snur meg vekk!

Eg er så glad  
Eg er så glad  
Hahahaha, hahahaha  
Det er så enkelt å vere glad